

# ÅRSMELDING 2019

## VALLDAL IDRETTSLAG

### Styret 2019 -

- Einar Hoel leiar
  - Anders Rem nestleiar
  - Trond Håvoll kasserar
  - Anne Nygård skrivar
  - Silje Sandøy Grønning styremedlem, ansvarleg klubbhus
  - Anett Steinnes leiar fotball
  - Magne Eivind Glomnes leiar friidrett
  - Jan Ole Fuglem leiar ski
  - Andreas Håvoll leiar trim
  - Richard Moen leiar disksport
- 
- Odd Lennart Vikene 1. varamedlem
  - Ellisiv Valdal Jarvik 2. varamedlem

### Styrearbeid -

Det har vore gjennomført 10 styremøte i 2019 og behandla 48 saker. Oppmøte til styremøte er godt og det er eit godt samarbeid i styret. 1.varamedlem er alltid innkalla og møter på styremøte.

### Medlemmar –

For 2019 er det registrert 284 betalande medlemmar. Det er om lag same tal på medlemmar som i 2018. Laget nyttar Klubbadmin for registrering av medlemskap, innkreving av kontingent og oppfølging av betaling Gjennom Klubbadmin ivaretek laget også krava om personvern ved registrering og handtering av medlemsopplysningar.

Styret vedtok i 2019 retningslinjer for æresmedlemskap i idrettslaget. I samband med jubileumsfesten vart det utnemnd fire nye æresmedlemmar, Hans Martin Gjedrem, Anneli Rem, Lars Ivar Henriksen og Einar Hoel. Frå tidlegare er Inger Aufles æresmedlem.

### Representasjon –

Anders Rem har i 2019 vore leiar i Norddal Idrettsråd. I samband med etablering av Fjord kommune vart det hausten 2019 også etablert Fjord idrettsråd. Til leiar vart vald Per Jomar Nerli. Det nye idrettsrådet kjem i funksjon frå 1.1.20.

Valldal IL har delteke i dialogmøter for frivillige lag i Norddal kommune.

### Bygg og anlegg-

2019 var eit nokså stille år i Valldal IL når det gjeld anlegg. Det er ikkje større anlegg i arbeid. Det meste dreiar seg om drift og vedlikehald. I tillegg kan nemnast:

#### Klubbhuset:

Det vart skifta port i kjellaren på klubbhuset. Ein ny og mindre port med elektrisk drift kom på plass. Ved sida av porten vart det sett inn dør. Dette gjer tilgangen til garasjen enklare. Planen er å lagre treningsutstyr i garasjen, men nødvendig innreiing er ikkje kome på plass.

#### Anlegg for skiskyting og ski på Krikane

Planlegging av anlegg for skiskyting og reserveområde for ski på Krikane har halde fram. Det er utarbeidd planar for plassering av standplass og løypetrasear, og det gjort førebelse munnlege avtalar med grunneigarar. I 2019 vart det gjort litt arbeid i dei aktuelle traseane.

Framdrifta tilseier at detaljerte planar, grunneigaravtalar, kostnader og finansiering skal vere klare slik at det søkjast spelemidlar i 2021.

#### Lys på Idavollen/Valldal stadion

For å få full nytte av banene på Idavollen og Valldal stadion, har det kome fram behov for meir eller betre lys. Lyset på kunstgrasbana er ikkje godt nok etter dei krava som no gjeld. Det har vore vurdert både oppgradering av lys på Idavollen, men styret ønskjer å arbeide vidare med mulegheiter for lysanlegg på Valldal stadion. Det vil ha nytte både for fotball, friidrett og ski.

#### Ressursgruppa

Gruppa har ikkje vore i så mykje aktivitet i 2019, men har hjelpt til med nokre oppgåver. Valldal IL takkar så mykje ressursgruppa for det kvar enkelt har gjort for laget i 2019.

#### Anlegg- og utstyrsplan

I 2018 vart det laga ein anleggs- og utstyrsplan for Valldal IL. Denne gjev oversikt over laget sine anlegg og utstyr. Denne skulle skulle gåast gjennom og godkjennast på nytt i 2019, men det vart diverre ikkje gjort.

#### Idrettsskulen

Det har ikkje vore idrettsskule i 2019. Det viser seg vanskeleg å få nokon å ta ansvaret for denne aktiviteten og når dette ikkje er på plass er det vanskeleg å sette i gong.

#### Tilsette –

Louise Heggen har vore reinhaldar på klubbhuset. I tillegg er det avtale med Anders Rem om tilsyn og forefallande arbeid på klubbhuset.

Det er lønna personar for vedlikehald og stell av kunstgras- og grasbane, og sjåførar til trakkemaskin.

Rekneskap vert ført ved Norddal Rekneskapskontor AS.

#### Arrangement -

Valldal idrettslag runda 100 år i 2019 og fleire arrangement var det som kan kallast ”jubileumsarrangement”. I tillegg hadde gruppene sine arrangement.

Den årlege marknaden vart gjennomført i april på Martin Linge huset. Det var god oppslutning om arrangementet og den gav også eit fint overskot på vel 40.000 kroner. Det var åresal, tombola, lister og sal av mat og drikke. I tillegg var det ein biletkavalkade som viste litt av historia til laget og det vart lest nokre tekstar frå lagsprotokollane.

Valldal IL var tildelt NM i motbakkelop 2019, lagt inn i Mefjellet opp. Dette vart eit svært vellykka arrangement med nesten 400 deltakarar i konkurranse- og mosjonsklasser. Løpet fekk mange gode tilbakemeldingar både frå deltakarar og representanten frå Norges Friidrettsforbund. Det vart sett løyperekordar både i dame- og herreklassa av Johanna Astrøm og Killian Jornet. Då desse ikkje kunne verte norske meisterar gjekk NM-titlane i seniorklassene vart Karoline Holsen Kyte og Torstein Tengsareid.

Olsokarrangementet hadde også eit jubileumspreg, med mange gode artistar og underhaldningskrefter. Minidilten og Jordbærdilten hadde god oppslutning. Frode Alnes var programleiar og hadde også underhaldningsinnslag, ma saman med lokale artistar. Øisteins Blyant stod for populær barneunderhaldning. For dei litt eldre var nok det norske Timbersport-landslaget si oppvisning eit populært innslag. Dagen vart avslutta med konsert med Frode Alnes i Fjellrohagen. Eit samarbeid mellom Fjellro og idrettslaget.

Publikumsoppslutninga var vel middels, til tross for godt ver. Med forholdsvis dyre artistar vart difor ikkje det økonomiske resultatet så veldig godt.

Det er mange som hjelper til på desse arrangementa og det er idrettslaget heilt avhengig av for at det skal vere muleg å gjennomføre. Det er difor stor grunn til å takke alle som stiller opp.

I november var det jubileumsveke. Det starta med "Avspark" med fotballgruppa på klubbhuset. Kvelden var særleg retta mot dei yngre med konkurransar, Kahoot og servering av pølse og anna snacks. Om lag 70 personar var innom.

Skigruppa hadde "jubileumsskikafe" sjølv om snøen ikkje var komen. Det var vanleg skikafe-meny og det vart vist film oppteken av Olav Bersås frå fleire "VM på ski" rundt 1980.

Det var saman med Frivilligsentralen invitert til frokost på klubbhuset for dei litt eldre. Det vart ei hyggeleg formiddagsstund for dei om lag 25 som møtte fram.

Valldal idrettslag vart skipa 23. november 1919 då Valldal Idrottslag og Valldal Fotballag slo seg saman. Skipingsmøte var på Sylte ungdomshus. Det vart difor invitert til "Mimrekveld" på ungdomshuset som har vorte renoverert. Litt frå historia til laget vart teke fram og det vart vist film, i tillegg til servering av kaffi, saft, kaker og god prat. I overkant av 50 personar var til stades

Jubileumsfesten var lagt til laurdag 23. november på Martin Linge huset, altså på dagen 100 år etter at laget var skipa. Alle nolevande, tidlegare formenn/leiarar var invitert. I tillegg naboklubbar, idrettskrets og særkretsar, ordførarar og gode støttespelarar. Festen var open for påmelding og i alt 200 personar var til stades. Ei eiga nemnd hadde sett saman eit variert og godt program, med både film, spesialskrivne singlar, "gamal og ny tid møtest", talar og dans. Mange kom med helsingar og overrekte gåver. På festen vart fire personar Hans Martin Gjedrem, Anneli Rem, Lars Ivar Henriksen og Einar Hoel utnemnd til æresmedlemmar. Dyktige programleiarar var Eline Mathea Myren og Anne Kristin Hoel. Etter programmet vart det servert gryterett og kaffi og kaker i idrettshallen. Her var Lions Club Valldal innleigd som hjelparar. Kvelden vart avslutta med dans. I samband med jubileumsfesten var det laga ei utstilling som viste ulikt utstyr som har vore og vert brukt i ulike idrettar der laget har aktivitet.

I samband med jubileet vart det vedteke å lage eit jubileumsbok. Ei boknemnd vart sett ned med Randi Flø som redaktør og Kjell Rønning, Harald Vestre og Einar Hoel som medlemmar. Det vart tidleg bestemt at i boka skulle det vert 100 kapittel som presenterte laget på ulike måtar opp gjennom 100 år. Det vart lagt ned mykje arbeid med boka, der særleg Randi Flø gjorde ein stor innsats, ma med å skaffe bileter. Boka "100 år – 100 minne" vart sett opp av Språksmia og trykt i 500 eks. Den kom ut i desember og det vart eit bra sal fram mot jul. Sparebanken Møre støtta boka med 25.000 kroner

For å presentere aktiviteten i laget gjennom mange år, vart det laga fem større bileter som er hengt opp på klubbhuset.

Utanom egne arrangement stilte idrettslaget med 20 personar som hjelparar til Bygdafesten på Martin Linge huset i mars. Dette er eit "dugnadsarrangement" for å skaffe inntekter til drift av huset.

I mai var medlemmar i idrettslaget med som hjelparar under aktivitetsdag på Martin Linge huset for personar med nedsett funksjonsevne

I samband med at Fjord kommune vart ein realitet 1.1.20, vart det arrangert fakkelstafett 31. desember. Valldal idrettslag hadde ansvaret for stafetten frå Langdal til Sylte og i alt 30 personar stilte og bringa fakkelen trygt fram til felles arrangement i sentrum.

### **Økonomi –**

Samla rekneskap for 2019 viser eit positivt resultat på 37.885 kroner. Alle undergrupper, med unntak av ski, har pluss i sine rekneskap. Hovudlaget har ei overskot på 13.981 kroner.

Valldal IL fekk i 2019 83.181 kroner frå Grasrotandelen, Norsk tipping. Dette er nok ein gong ein stor auke frå året før. Takk til alle som støttar Valldal IL gjennom Grasrotandelen. Lokale aktivitetsmidlar, som er eit statleg tilskot til idrettslaget utgjorde 51.492 kroner. Laget fekk 81.871 kroner i mva kompensasjon på drifta i 2019.

Samla inneståande på konto og i kasse pr 31.12.19 var 1.243.334 kroner. Driftsrekneskap og balanse viser at Valldal idrettslag har ein solid økonomi. Det vert elles vist til rekneskapet for 2019.

Til sist vil vi takke alle som støttar Valldal Idrettslag. Svært mange firma og andre, både lokalt og i regionen, stiller opp når det er spørsmål om støtte, annonser, gåvepremiar eller anna hjelp. Dette er særst viktig for å kunne drive eit idrettslag. Vi vil også takke kvar enkelt som stiller opp for idrettslaget og idretten i Valldal. Dette gjeld alle som har teke på seg verv i styre og grupper, leiarar og trenarar, dei som står i kiosk og kafe, dei som organiserer og hjelper til på arrangement og utfører større og mindre oppgåver. Kvar og ein er viktig for at idrettslaget skal fungere.

Valldal 31.12.19/10.6.20

Valldal IL - styret

Einar Hoel	Anders Rem	Trond Håvoll	Anne Nygård	Silje Sandøy Grønning
Anett Stennes	Magne Eivind Glomnes	Jan Ole Fuglem		Andreas Håvoll
Richard Moen				

# ÅRSMELDING 2019

## Valldal IL Disksport

### Styret

- Richard Moen (leiar)
- Terese Jemtegård Moen (kasserar)
- Hogne Telford Grønningsæter (styremedlem)
- Henrik Engeseth Andersen (styremedlem)
- Linda Frostad Løvdøen (styremedlem)

### Styrearbeid

Etter ønske frå idrettslaget om jamn kjønnsfordeling i styra, har vi utvida med ei kvinne, Linda Løvdøen. Styret har jobba mest praktisk ute og har ikkje hatt så mange offisielle møter. Det einaste offisielle styremøte vi har hatt i 2019 var 19. februar.

### Representasjon

Vi var dessverre ikkje representert på den årlege nasjonale klubbleiarsamlinga på Gardermoen denne gongen. Det satsar vi på å få til neste gong.

### Tal på aktive og aldersfordeling

Gruppa har 14 registrerte medlemmar. Kjønnsfordelinga er 10 menn og fire kvinner. Vi har ingen i alderen opp til 12 år. Det er to personar i alderen 13-19 år, fem i alderen 20-25 år og sju i alderen 26 år og oppover. Fleire av dei ikkje-registrerte medlemmane, er medlemmar av andre grupper i VIL.

### Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Vi brukar framleis banen på Jemtegård Feriesenter. I 2019 gjekk vi til innkjøp av tre flyttbare korgar. I tillegg fekk vi stønad av hovudlaget til å kjøpe inn ein ryddesag. Vi har også bidratt meir til innkjøp av drivstoff for rydding med motorsag og ryddesag. Klubben eig no to faste korgar, tre flyttbare korgar og to utkast. I tillegg har vi altså ei ryddesag som står i garasjen ved grasbana på Omenås.

### Arrangement

Vekas runde gjekk som vanleg kvar fredag frå og med april til og med september. Vårslepp 11. mai gjentok dessverre ikkje suksessen frå 2018. Denne gongen var det berre 12 deltakarar. Til Jemtegård Open blei gruppa sponsa med 10.000 kroner frå Nord-Vest Revisjon AS. Det gjorde at vi kunne lokke med heile 3.000 kroner til førsteplassen. Turneringa hadde 23 deltakarar. Klubbmeisterskapet blei gjennomført i slutten av september med 8 deltakarar. Dette var forresten første gong vi gjekk heile bana to gongar. Vi hadde også Langputtfredag. Ein annleis turnering med tvungen putt frå minst 10 meter. Denne gjekk i påska med 6 deltakarar.

### Aktivitet, trening, konkurransar

Vi har trena måndagar inne i hallen om vinteren og ute på Jemtegård når det har vore bart. Vekas runde har gått som vanleg fredagar. Så har vi ofte vore samla ute på søndagar også. Foreløpig har det ikkje vore så mykje teknikktraining utanom halltreningane. Seinhausten

2019 la vi om treningane i hallen til å bli meir kondisjonsretta og med innslag av andre idrettar. Vi har spelt ultimate (lagspel i frisbee), fotball, basket, volleyball, badminton og innebandy. Dette har gjort at vi har fått fleire inn i hallen. Vi håpar på å få rekruttert dei til frisbeegolfen til våren.

Hausten 2019 var Richard på første av to helgar i Trenar 1 kurs i regi av Norges amerikanske idrettars forbund (NAIF). Helg 2 blei dessverre utsett til 2020 pga. sjukdom.

Vi har sjølvsagt gjort ein del førefallande vedlikehald på bana gjennom sesongen. Det har blitt bytta ut nokre utkast og fjerna fleire tre og justert litt her og der. Vi har også vore med på dugnad for idrettslaget, som NM motbakkeløp, Olsok, nedvask av ML-hallen og fest.

### **Resultat**

På heimebane var det Eirik Lørdøen som vann Vekas runde og Richard Moen som blei klubbmeister i 2019. Norgescupvinnar Øyvind Jarnes frå Langevåg vann Vårslepp, der Henrik Engeseth Andersen blei beste valldaling med 3. plass. Per Jomar Nerli vann klassa rekreasjon. Jemtegård Open blei vunne av Andreas Havnegjerde frå Langevåg. Her fekk Runar Engeseth Andersen ein fin 3. plass. Terese Jemtegård Moen tok 2. plass i klassa rekreasjon.

2019 var året der det endeleg var fleire valldalingar som deltok i Norgescupen (NC). Til NC1 på Øverås stilte Runar (29. plass), Henrik (31.), Eirik (35.) og Bjarte Lilleås Grønningsæter (50.) i open, i tillegg til Richard (3.) i Grand Master. På NC5 i Selbu deltok Runar (19. plass) og Eirik (24.) i open og Richard (4.) i Grand Master. Det var berre Richard som deltok i NM på Krokhol (6. plass).

På EuroTouren i Langevåg deltok Henrik (46. plass), Richard (54.) og Bjarte (57.). På PCS Open på Vestnes deltok Runar (9.), Henrik (39.) og Bjarte (52.), saman med verdsstjerner som Avery Jenkins og Eagle McMahon. Runar var berre tre kast bak tidlegare norgesmeistrar Ståle Hakstad og Håkon Kveseth etter 3 x 18 hol. Dette er suverent beste prestasjon i diskolf frå ein valldaling nokon sinne.

### **Økonomi**

Utgiftene i 2019 var på 30 383,21 kroner og inntektene på 32 151,90 kroner. Dette gjev eit overskot på 1768,69 kroner. Saman med saldoen per 31.12.18 på 12.874,09 kroner, har gruppa per 31.12.19 14 642,78 kroner inneståande på konto.

Valldal IL – disksport

Styret

# ÅRSMELDING 2019

## Valldal IL - Fotball

### Styret

- Anett Helen Steinnes, leiar og politiattestansvarleg for Idrettslaget
- Solfrid Fjeldstad, nestleiar, materialforvaltar, og fairplay-ansvarleg
- Ramona Johnsen, kiosk- og draktansvarleg
- Cato Heggen, kasserar
- Kjetil Uri, dugnadsansvarleg
  
- 1.vara Liv Hanne Svensvik (Draktansvarleg)

Andre ansvarlege:

- Anders Rem, dommar-, bane- og dugnadsansvarleg
- Marius Moe, trenarkoordinator, grendacup-ansvarleg
- Richard Moen, FIKS ansvarleg.

### Styrearbeid

Styret har hatt 5 styremøter, eit lagleiar/trenarmøte før sesongstart, eit lagfordelingsmøte med lagleiarar/trenarar, samt aktivt styrearbeid på fotballstyret si facebookgruppe og messengergruppe.

Av saker det er blitt jobba med er:

- Programbladet
- Påmelding aktive
- Påmelding lag til kretsen
- Dispensasjoner
- Overgangar
- Kretskontakt
- Rekneskap
- Budsjett
- Fakturering og betalingsoppfølgning
- Betaling
- Lagleiar-/trenarmøter
- Jubileumsåret og jubileumsfestveke
- Tine fotballskule
- Løysing i fht ferjekort
- Julegrendacup
- Div dugnadsarbeid

### Representasjon

Valldal IL Fotball var nominert til årets arrangør av Tine Fotballskule for 3.gong. Vi har arrangert 3 gongar. Kenneth Hovden og Samuel Hovden deltok på prisutdelinga på årets Fotballgalla i Ålesund. Vi vant med klar margin i år, og fekk mykje skryt frå kretsen.

Tal på aktive, trenarar, lagleiarar, dommarar

Det var ca 100 aktive fotballspelarar i 2019 - born, ungdommar og vaksne.

Av desse var det 40 jenter og 40 gutar blant dei aldersbestemte. Med andre ord 50% jenter, noko som er spesielt gledeleg.

19 stk var aktive på herrelaget.

Vi deltok med 8 lag i kretssystemet. Seniorlaget stilte i år med 11ar lag for første gong sidan 2004, til stor glede for bygda.

For desse laga har vi hatt tilsaman 21 trenarar og lagleiarar. Fleire av dei har hatt fleire roller. Av desse var det 8 kvinner.

Valldal IL Fotball har på det jamne 2-4 dommarar som stiller opp og dømmer dei fleste heimekampane til Valldalslaga.

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Vi har hatt dugnad med m.a.:

- Etablering av straum i KGB kiosken.
- Utkøyring programblad
- Dugnad i garasja til V.I.L.
- Drift av stadionskilt på kunstgrasbana
- Vinterførebuing på banene
- Snøbrøyting av KGB.

Det er investert i treningsutstyr til både grasbanene og til aktivitet i idrettshallen.

### **Arrangement**

Det har i hovudsak vore arrangert to større sportslege arrangement i 2019. Dette er Tine Fotballskule og julegrendacup i Martin Linge-huset. Begge arrangementa vert sett på som svært godt gjennomført. I tillegg har fotballgruppa arrangert jubileumsaktivitet på klubbhuset for barn/ungdom fra 1 – 10 klasse, der vi hadde natursti, quis og kahoot, samt matservering. I tillegg bidrog fotballgruppa inn mot planlegging og gjennomføring av 100 årsjubileet til Valldal IL. I tillegg gjennomførte vi to futsalarrangement vinteren 2019.

### **Aktivitet, trening, konkurransar**

Vi har hatt 8 lag med i serien og har gjennomført seriekampar etter plan. J16 har hatt utfordringar i sin serie med at lag har trekt seg fra kampar. Det førte til at dei reiste til Fosnavåg på overnatting og møtte to lag frå området der.

Dei fleste laga har delteke på opptil fleire cup'ar og turneringar. Dei yngste laga (t.o.m. 9år har delteke i kretsen sitt turneringssystem med 4 turneringar pr år. G14 deltok på Norway cup og vann B-finalen i si klasse. Vi har også i 2019 fått forslag om og bestemt oss for å gjennomføre rekrutteringsdag/aktivitetsdag for alle barn i alderen siste året i barnehagen til og med 7 klasse, for å halde på spelarar og rekruttere nye. Vi håper dette blir gjennomført i 2020. Vi bestemte også i 2019 at vi vil sjå nærare på korleis vi kan samarbeide meir om treningar på tvers av lag, samt bruke ungdomsspelarar innimellom for å inspirere yngre spelarar i trening. Vi har også i 2019 sendt 7 spelarar på keeperskule på Blindheim, noko dei syntes var veldig kjekt.

## **Økonomi**

Driftsresultat 2019 er positivt med 85.583 kroner

Dette bidreg positivt til ein frå før svært god økonomi i fotballgruppa, som fører til at vi kan ha god aktivitet til lav treningsavgift.

Valldal IL - fotballgruppa

Styret

# ÅRSMELDING 2019

## Valldal IL - Friidrett

### Styre:

- Magne Eivind Glomnes, leiar
- Vibeke Valdal Myeza, nestleiar
- Jacek Wilczura, kasserar
- Cathrine Berli, skrivar
  
- Anne Mette Rem, varamedlem
- Børge Heggen Johansen, varamedlem

### Styrearbeid:

Det har vore eitt styremøte i 2019, elles har det vore kontakt via e-post og messenger. Leiar har også vore i møte med naboklubbane om Storfjordstemnet.

### Tal på aktive, aldersfordeling

Det er mange aktive i dei yngste klassane på friidrettscupen. Totalt er det over 50 som har delteke på meir enn eitt arrangement i løpet av sesongen. Nokre ungdomar og veteranar er aktive i trening og har delteke i konkurransar i 2019.

### Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Det har ikkje vore gjort noko i høve anlegg, drift og vedlikehald i 2019.

### Arrangement:

Friidrettscup i samarbeid med Liabygda IL. Valldal IL arrangerte tre cupar på heimebane. Storfjordstemnet vart arrangert 28. august i Eidsdal. Dette var eit treningsstemne i samarbeid med naboklubbane som også inngjekk i friidrettscupen. 43 personar fekk samanlagtpræmie for deltaking i tre eller fleire cupar.

Mefjellet opp vart arrangert 22. juni med NM i motbakkeløp i jubileumsåret. Det vart løyperekordar i begge klassane og rekorddeltaking med 200 deltakarar på tid. Minidilten og Jordbærdilten vart arrangert siste laurdagen i juli som vanleg i samband med olsokarrangementet. Rekorddeltaking i minidilten med 135 barn og konkurranse med 72 deltakarar. Iver Matias Linge Glomnes sprang på 9,46 og sletta Hans Martin Gjedrem sin løyperekord. Det er heile idrettslaget som står bak arrangementa desse to helgene.

### Aktivitet, trening, konkurransar – og resultat

Det har ikkje vore gjennomført organisert trening i 2019. Valldal IL deltok på Norddalstafetten i Norddal med eitt jentelag. Dei vann og fekk med vandrepokalen til odel og eige. Det var nok ein gong utfordrande å få lag til stafetten fordi det kolliderte med treningsksamlingar. Nokre løparar har delteke på ulike konkurransar på landeveg, terreng eller motbakke med gode resultat.

### Økonomi:

Rekneskapen viser eit overskot på 5.269 kroner i 2019. Kretskontingent på 4.000 kroner og premiar til friidrettscupen på nesten 8.000 kroner utgjer dei største utgiftene. 10.000 kroner frå Olsok og inntekter på friidrettscupen utgjer inntektene.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2020.

Valldal IL friidrettsgruppa  
Styret

# ÅRSMELDING 2019

## Valldal IL - Ski

### Styret

- Leiar , Jan Ole Fuglem, leiar
  - Aksel Indreeide, nestleiar
  - Geir Arne Myren, kasserar
  - Anne Gry Myklebust Vestre, styremedlem
  - Juliette Bechtold, styremedlem
- 
- Per Jomar Nerli, 1. varamedlem (møter fast)
  - Hans Martin Gjedrem, 2. varamedlem

### Arbeidsgrupper

Følgende arbeidsgrupper har fungert siste år

Trakkemaskingruppe

Magne Hoel

Fridjon Døving

Terje Hoel

Aksel Indereide

Skikafe/premienemnd

Anne Gry Myklebust Vestre

Juliette Bechtoldt

Treningsnemnd

(langrenn/skiskyting)

Jan Ole Fuglem

Per Jomar Nerli

Anne Gry Myklebust Vestre

Tilsynsnemnd Lysløype

Magne Hoel

Kjell Vad

Terje Nerhus

Aksel Indereide

Sonekontakt

Jan Ole Fuglem

Anleggsnemnd skiskyting

Jan Ole Fuglem

Per Jomar Nerli

Hans Martin Gjedrem

Anne Gry Myklebust

Programbladnemnd

Per Jomar Nerli

Linda Gjerde Myren

Rennavvikling

Jan Ole Fuglem

Per Jomar Nerli

Anne Gry Myklebust

Nettside

Magne Eivind Glomnes

## **Styrearbeid**

Styret har møter etter behov men jobber godt gjennom hele året. Gruppen fungerer fint oppgaver løses fint ved behov. Det er avholdt to styremøter i løpet av året 2019

## **Representasjon**

Sesongen ( høsten) 2019 har Valldal il hatt løpere på kretslag og Storfjordlangrenn. Kretslag, Eskil Linge Glomnes Storfjordlangrenn; Eline Mathea Myren, Elida Fuglem, Silje Nerli, Emma Sofie Nybråthen, Laurits Linge Glomnes, Sigrid Eide Stavseng, Heine Fuglem og Jørn Marius Myren. Eskil Linge Glomnes deltok på Møre og Romsdals sitt stafettlag i Kong Haralds ungdomstafett i Holmenkolen.

## **Aktive**

ca 25 - 30 aktive er på trening fast. Aldergruppe 1 - 10 klasse. På skisyttertreninger er vi i alt 17 aktive fra 4 klasse og eldre. En aktiv på juniorsida. Fleier ivrige «birkebeinera».

## **Anlegg/utstyr, drift og vedlikehold**

Trakkemaskina er i godt vedlikehold og fungerer bra, Skjeldalfres brukes i størst grad høst ved tidlig snø. Det er kjøpt inn noke treningsutstyr dei siste åra. Laget har om lag 20 par skøyteski og 12 par rulleski til utlån. Gruppen eig sju skiskyttervåpen og to skivekikkerter. Vedlikehold trakkemaskin gjøres litt å dugnad og litt ved innleie frå Owren. Vedlikehold lysløype årlig ved behov.

## **Arrangement**

Laget arrangerte 3 cup renn i Storfjord cup, ett sonerenn, KM fristil SBM cup Valldalsmeterskap, ble arrangert torsdag i påska på Høghjellsmyrane med 112 deltakere. På SBM cup fristil smurte arrangør skiene til alle deltakerne ca 125 stk. Sammen med Stordal tok Valldal på seg å arrangere SBM cup sprint på kort varsel.

## **Aktivitet, trening, konkurransar**

Det har også i sesongen 2019 vore høg aktivitet i laget. Vi startet opp med treninger for 1 klasse og eldre frå skulestart. Første del av høsten består av rulleskitrening/ rulleskileik. Barmarksperioden går frå høstferien til snøen kjem og når vi har snø er det full fart på ski. Styrketrening i MLH går frå skulestart til vinterferien. Tirsdager skitrening, onsdager styrketrening, torsdager skiskyttertrening. Deltakere i utvalgte renn, fjorårets tall ().

Midt Norsk langrenn: 1 (5) løper

Hovedlandsrenn langrenn 1 (1) løper.

Midt Norsk Skiskyting 13 år og eldre 3 (2) løpere

Hovedlandsrenn skiskyting 1 (0) løper

Junior NM 1 løper

Liatoppen skiskytterfestival 11 (9) løpere, tre stafettlag frå Valldal.

Ungdomsbirken 4 deltakere

Birkebeinerrennet 11 deltakere

Antall deltakere frå vil på SF cup ca 55 – 60 løpere frå VIL  
Antall startende i SBM cup 11 år og eldre 36 løpere

### **Økonomi**

Hovudtal	2015	2016	2017	2018	2019
Inntekter	838 428	315 698	270 494	313 972	304 703
Utgifter	258 839	309 430	311 153	273 270	377 189
					-72 485

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank 97.636 kroner (16 248)  
(31.12.18)

I tillegg har skigruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.  
Skigruppa har pr 31.12.19 kortsiktig gjeld på 52 694 kroner langsiktig gjeld 0.-

Viktige inntektskjelder:

Inntekter på arrangement, programhefte (annonsesal), sponsorar, gåvemidlar

Dei største utgiftspostane: Drift av utstyr og anlegg

### **”Verd å nemne”**

Under KM fristil SBM cup organiserte Valldal il på oppfordring frå LK smøring av alle deltakerne sine ski, ca 125 par. Denne ordninga var gratis for alle og blei sponsa av SWIX/TOKO og SBM. Valldal tok på seg sammen med Stordal på kort varsel arrangement av SBM cup sprint.

Valldal IL skigruppa

# ÅRSMELDING 2019

## Valldal IL - Trimgruppa.

### Styret

- Andreas Håvoll, leiar
  - Maria Dvergsdal, nestleiar
  - Jørg Barthel, kasserar
  - Kari Ulvestad, styremedlem
  - Vivian Skretteberg, styremedlem
- 
- Torgeir Myklebust, 1. varamedlem
  - Anne Merete Øybrekken, 2. varamedlem

### Styrearbeid:

Styret har i 2019 hatt 3 styremøte.

### Arrangement:

Vi arrangerte Sykkeltrim 1 mai 2019.

Fjelltrimmen 2019: Det blei endra noken trimposta og vi endra på premiering i fjelltrimmen.

Der vaksne (10 turar) og barn (6 turar) fekk premie og var med på trekning av ei pulsklokke.

Vi fekk inn igjen 8 trimkort for barn og 23 trimkort for vaksne.

Vi arrangerte ribbemarsj 30 desember 2019. Det kom litt over 20 personar.

### Økonomi:

Pr 31.12.19 står det 50.548 kroner på Trimgruppa sin konto og 3000 kroner i kontantar.

Valldal IL Trimgruppa.